

Digitale bøker og digital litteraturformidling i barnehagen

av Agnetha Vaags og Heidi Sandø

Høgtlesing og samtalar er sentrale element i arbeidet med språk i barnehagen (Mangen & Hoel, 2017), og litteraturformidling gjennom **samtalebasert lesing** er ein viktig del av praksisen til barnehagen. Gjennom høgtlesing blir barn gitt tilgang til ulike tekstar, og dei blir kjente med nye ord, omgrep og kulturar som dei kanskje elles ikkje ville vorte i kvardagen. Lesing saman med barn kan derfor vere med på å utvide deira forståing og situasjonsavhengige språk (Hoel, Wagner & Oxborough, 2011). Gjennom lesing i fellesskap med andre får barn moglegheit til å delta i sosiale samspel der dei kan utvikle dei språklege evnene sine. Eit viktig prinsipp i samtalebasert lesing er å oppmuntre barna til aktiv deltaking. Dette blir gjerne gjort ved å stille opne og utforskande spørsmål, og ved å gi respons til barna gjennom gode oppfølgingsspørsmål.

Barnehagens lesepraksis bør vere både analog og digital, og pedagogane bør velje kva medium som er best eigna i ulike samanhengar. Uavhengig av om det blir lese frå ei digital eller ei analog bok, er det formålstenleg å finne opningar i teksten som innbyr til samtalar saman med barna. I analog lesing er det pedagogen sjølv som bestemmer når ho opnar opp for slike tekstsamtalar. I dei digitale bildebok-appane blir dette ofte styrt av effektane som ligg der og kva moglegheiter desse gir for dialogar undervegs (Tønnesen & Hoel, 2019). Analog og digital lesing kan tenkast å utfylle kvarandre. Det at barn tar med seg erfaringar med eit medium over til eit anna, gjer at dei òg er aktive i sine eigne

læringsprosessar (Dewey, i Säljö, 2016). I vidareføringa av samtalens rundt formidlinga av boka (digitalt eller analogt), må aktiviteten tilpassast det språklege ferdighetsnivået til barna (Tønnesen & Hoel, 2019). Eit godt tiltak for å fremme deltakinga til barn i både analoge og digitale lesestunder, kan vere å dele barna inn i smågrupper (Mangen & Hoel, 2017).

Digital litteratur

Digital litteratur blir lesen på ein annan måte enn papirbasert litteratur. Lesinga går då føre seg på ein stor skjerm eller eit nettbrett, og ofte blir det brukt høgtalarar for å kunne høre eventuelle lydeffektar som den digitale boka har. Digital litteratur må på lik linje med den analoge litteraturen bruke nokre litterære element, slik som til dømes ei historie eller forteljing (eit narrativ). Forteljarmåten i digital litteratur må tilpassast det mediet som historia blir fortald i (Syversen, 2020). I digitale bøker får ofte lesaren moglegheit til å manøvrere i ulike lesestiar, noko som gjer at teksten er hypertextstuell. Når du til dømes les ein digital tekst, så kan du klikke på peikarar som gir deg ulike vegval vidare. Dette kallast hypertextualitet, og er ein måte å strukturere elementa i ein skermtekst på. Det gir lesaren moglegheit til å bevege seg i teksten på andre måtar enn i analoge tekstar. Lesaren kan vere interaktiv og påverke teksten undervegs. Det førekjem òg at det ligg hyperlenkar i teksten som lesaren kan klikke på for å komme til andre sider. Slike hyperkopplingar gjer at teksten verkar dynamisk og det blir gitt rom for eigne val i bruken av boka eller teksten.

Å lese digitale bøker på nettbrett saman med barn liknar på den tradisjonelle måten å lese analoge papirbøker. Nettbrettet innbyr til ein nærleik til barnet på ein annan måte enn om det blir brukt større skjermar i den digitale

litteraturformidlinga. Det kan opplevast som større avstand mellom barnet og historia som blir fortald når store digitale tavler blir brukt. Barnet kan antakast å vere meir aktivt om lesinga går føre seg på eit nettbrett fordi dette er meir handterleg og enkelt å bruke for barnet, samtidig som det innbyr til bruk av fleire sansar i eit interaktivt samspel mellom barnet og mediet. Barn leikar ofte med touch-teknologi frå dei er ganske små, og då utforskar dei korleis avansert teknologi kan brukast både åleine og i interaksjon med andre. Tilsette i barnehagen kan støtte utforskinga og leiken til barn med digitale uttrykksformer på ulike måtar, også gjennom å lese digitale bøker saman med barna (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Digital litteratur kan delast inn i fleire kategoriar:

- a) visuelle lydbøker** er bøker som vidarefører teksten frå papirboka og inkluderer ein høgtlesingsstemme
- b) bildebøker** med tilleggseffekta som er tru mot bokmediet, men inneheld nokre tilleggsfunksjonar som ikkje papirboka har, dei har fleire modalitetar enn visuelle lydbøker
- c) interaktive bildebøker** føreset aktivitet frå lesaren for å komme vidare i forteljinga, desse bøkene inviterer lesaren inn som deltakar i handlinga
- d) digital først-produksjon** er digitale bøker som ikkje tidlegare har vore utgitt som papirbaserte bøker, desse bøkene kan vere appar med lite aktivitet eller dei kan vere framstilte på ein slik måte at lesaren må medverke for at historia skal formidlast.

(Syversen, 2020).

Dei analoge og digitale bøkene gir barna ulike erfaringar og opplevingar med lesing. Ulike effektar som lyd, fargar, musikk og animasjonar kan støtte opp under forståinga til barn av innhaldet som blir formidla i ei digital bok eller app. Barn bruker ofte ein finger til å peike på eller ta på bilde, illustrasjonar og tekst i ei papirbok, men når dei derimot trykker i ein bildebok-app kan boka skifte side eller effektar blir utløyst og blir aktivert. Å handsame nettbrettet eller skjermen kan antakast å påverke forståinga av innhaldet hos barna. Slike taktile sanseopplevingar kan òg invitere barn til utforsking og gi rom for deira eiga tolking av boka. Effektane i dei digitale bøkene kan i nokre tilfelle òg verke forstyrrande for barna viss dei ikkje blir kopla direkte til sjølve forteljinga eller om barna deltar i lesestunder i ei stor gruppe. Bøker må gjerne lesast fleire gonger slik at barna blir godt kjente med innhaldet. Dette gjeld kanskje særleg for dei digitale bøkene, slik at barna blir kjente med korleis dei ulike effektane i appen opptrer.

Bildebok-appar

Det finst svært mange forskjellige bildebok-appar på marknaden, og det kan vere vanskeleg å finne dei gode appane som kan brukast til lesing saman med barna. Bildebok-appar har store variasjonar når det gjeld kva audiovisuelle og interaktive moglegheiter som finst i kvar app. Enkelte bildebok-appar er berre visuelle lydbøker, medan andre inneheld fleire visuelle effektar som til dømes lyd og animasjon. Dei kan òg ha interaktive handlingar som gjerne liknar på dei vi møter i digitale spel. Desse tilgjengelege effektane i mediet kan tenkast å kunne støtte opp om dialogane og språkforståinga til barna, og dei kan gi moglegheiter som motiverer til samtalar i varierande grad (Tønnessen & Hoel, 2019). At dei ulike appane som blir tilboden barnehagesektoren har ei rekke funksjonar, er ikkje synonymt med at dei gir barna ein betre leseoppleveling. Her er det viktig

med eit kritisk blikk då det byrjar å bli mykje å velje i for barnehagane, og alt er ikkje nødvendigvis av god kvalitet.

Lesesenteret i Stavanger har forska på korleis digitale tekstar kan brukast i arbeidet til barnehagen. Her kan ein lære meir om kva bøker som eignar seg for samtalebasert lesing og andre språkaktivitetar i barnehagen. Her finn du informasjon og inspirasjon til bruk av digitale bøker i arbeidet til barnehagen:

<https://www.uis.no/nb/forsking/digitale-verktøy-og-lesing-i-barnehagen>

Dei har òg utvikla VEBB som er eit vurderingsverktøy som kan brukast for å sjekke om digitale bøker passar til språkaktivitetar i barnehagen. VEBB gir ei god innføring i kva du bør tenke på når du skal lese ei digital bok: <http://vebb.uis.no/>

Les meir om digital lesing her:

Språkløyper:

Fagtekst: «Bildebok-appers relevans og egnethet i samtalebasert lesing» av Trude Hoel og Margrethe Jernes. Henta frå Språkløyper:

<https://sprakloyper.uis.no/barnehage/brobyggeren/digitale-tekster-i-barnehagen/bildebok-appers-relevans-og-egnethet-i-samtalebasert-lesing-article125369-23571.html>

Barn sine digitale praksisar og korleis det er å bruke bildebok-appar som utgangspunkt for samtalebasert lesing» Film: «Å lese på nettbrett eller lese i bok»: <https://sprakloyper.uis.no/barnehage/brobyggeren/digitale-tekster-i-barnehagen/a-lese-pa-nettbrett-eller-lese-i-bok-article125371-23571.html>

Sølvberget bibliotek og kulturhus - anbefalte digitale bøker: <https://www.xn--slvberget-l8a.no/Anbefalinger/Lesetips-for-barn-og-unge/Gode-barneboeker-paa-skjerm>

Referansar

- Hoel, T., Wagner, Å. K. H. & Oxborough, G. H. O. (2011). *Lesefrø: Språkstimulering gjennom leseaktiviteter i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Kress, G. & Van Leeuwen, T. (2001). *Multimodal discourse: the modes and media of contemporary communication*. London: Arnold Hodder.
- Kunnskapsdepartementet (2017). *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*.
Hentet fra: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/sprak-i-barnehagen-mye-mer-enn-bare-prat/>
- Kyttä, M. (2004). The extent of children's independent mobility and the number of actualized affordances as criteria for child-friendly environments. *Journal of Environmental Psychology* (24).
- Letnes, M. A. (2016). *Barns møter med digital teknologi. Digital teknologi som pedagogisk ressurs i barnehagebarns lek, opplevelse og læring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Maagerø, E. & Tønnesen, E. S. (2014). *Multimodal tekstkompetanse*. Kristiansand: Portal Akademisk.
- Mangen, A. & Hoel, T. (2017). Samtalebasert lesing med bok eller nettbrett: Gjør mediet en forskjell? *Norsk pedagogisk tidsskrift* (04), 339-351. Hentet fra:
https://www.idunn.no/npt/2017/04/samtalebasert_lesing_med_bok_eller_nettbrett_gjoer_mediet_e
- Säljö, R. (2016). *Læring – en introduksjon til perspektiver og metaforer*. Oslo: Cappelen Damm.
- Syversen, T. G. (2020). *Litteratarbeid i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tønnessen, E. S. & Hoel, T. (2019). *Organizing Shared Digital Reading in Groups: Optimizing the Affordances of Text and Medium*. Hentet fra:
<https://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/2332858419883822>